

# Bøner for FNs bærekraftsmål v/ Hildegunn Marie Tønnessen Seip

Frå **Bærekraftsboka**, nynorsk målform (april 2019).

## Mål 1: Uttrydde fattigdom

Gud, du kjelde til alt som er godt,  
Lær oss å dele så ingen må mangle  
og invitere inn så ingen må stå utanfor.  
Vis oss på ny at vi alle er dine elskar skapningar og born.

Kan leggast til alle bønnene som avslutning: Alt og alle i dine hender, Gud. Amen.

## Mål 2: Uttrydde svolt

Jesus Kristus, du livets brød,  
bryt uretten i sund.  
Jorda er di.  
Lær oss å dyrke den med visdom og varsemd.  
Gje oss vilje til å dele vårt daglege brød.

## Mål 3: God helse

Gode Heilage ande, du livspust i kroppen vår,  
vi ber for alle som lever med smerte  
og kjemper mot dødskreftene.  
Lær oss å dele håp, trøyst og helsehjelp.  
Takk for alt som styrker liv og helse.

## Mål 5: Likestilling mellom kjønna

Gud, du som har skapt oss til menneskeborn,  
til mann og kvinne og sysken –  
du ber oss i ditt morshjarte  
og er far til alt som kallast born.  
La oss vandre saman i fridom og vyrdnad.

## Mål 10: Mindre ulikskap

Jesus Kristus, du som ikkje gjer skilnad på folk,  
gjer oss meir lik deg.  
Gje oss visdom og vilje til å dele  
og gje oss mot til å ta imot kvarandre  
på tvers av det som skil oss.

## Mål 16: Fred og rettferd

Fredens Gud,  
vi ber om at alle som er utsett for vald og overgrep  
må reisast opp og finna fred.  
Bevar våre hjarte  
og styrk institusjonar som arbeider for rett og rettferd.  
Lei våre føter inn på fredsvegen.

